

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 25.8.2013

Høyringsuttalelse om Miljateigelva og Skåneselva kraftverk i Etne kommune, Hordaland

Samandrag

Miljateig-Skånes Kraft AS har søkt om konsesjon til å bygge ut Miljateig- og Skåneselva i Etne kommune til kraftproduksjon, ved å utnytte fallet i Miljateigelva og Skåneselva til Åkrafjorden. Naturvernforbundet i Hordaland (NVH) er sterkt kritisk til dette. Utbygginga vil medføre nær tørrlegging av nedre delen av Miljateigelva og sterkt redusert vassføring i Skåneselva, med konsekvensar for truga naturtypar (bekkekløft- og fossesprøytsoner). Den medfører også ein stor reduksjon i arealet av det siste villmarksprega området i Etnefjella og store landskapsmessige skader på fjordlandskapet ved Åkrafjorden.

Generelt om tiltaket og konsekvensar

Utbygginga vil nytta ut fallet i Miljateigelva frå kote 395 og ned til sjøen, der vatnet vil bli lagt i ei nedgrave røyrgate på heile strekninga, den øvste delen på 750 meter ved hjelp av ein forlenga skogsbilveg frå kote 195 opp til inntaket. Heile den tørrlagde strekninga blir på omlag 1200 meter. Skåneselva blir overført til Fjellbekken, ein sidebekk til Miljateigelva, frå eit inntak på kote 680 og i eit 600 meter langt stålrøyr som skal boltast fast i fjellsida, ned til kote 440 og samanløpet med Fjellbekken, og vidare i ein fullprofil tunnel ned til samanløpet med Miljateigelva på kote 195. Herifrå og ned til sjøen blir Skåneselva med Fjellbekken ført i nedgrave røyrgate parallelt med røyrgata frå Miljateigelva ned til sjøen, slik at det blir to separate turbinar på 4.5 GWh (Miljateigelva) og 14.5 GWh (Skåneselva/Fjellbekken) med maksimal slukevne på 400 l/s og 1060 l/s. Strekninga med sterkt redusert vassføring i Skåneselva blir på kring 2000 meter.

Hydrologi

Utbygginga medfører sterkt redusert vassføring i begge vassdraga, og særleg i Miljateigelva, som blir nesten tørrlagt. Inntaket i dette vassdraget ligg relativt langt nede, på kote 395, i motsetning til Skåneselva, der det ligg heilt oppe på kote 680, slik at det blir ei relativt stor restvassføring (25%) nedst i vassdraget. Like nedanfor inntaket i Skåneselva blir det minstevassføring med 24 l/s (5%) heile sommaren i tørrår og 3 mnd i normalår (middelår). Fjellbekken blir praktisk talt tørrlagt nedanfor inntaket i tørrår og med minstevassføring i 300 dagar pr år i normalår. Miljateigelva vil i tørrår få 320 dagar med minstevassføring på 30 l/t om sommaren (5%) og 60 dagar (august-september) i normalår, alt i følgje hydrologirapporten



Biologisk mangfald

Fugl og pattedyr. Det går fram av Ambio sin rapport at feltarbeidet blei utført på ei tid då det var *"liten sangaktivitet"*, altså på seinsommaren eller hausten, og at fugleobservasjonane kanskje difor ikkje var fullstendige. Mykje av konklusjonane blir derfor spekulative, og dette vedgår då også konsulentane. Her gjeld i høg grad "føre var-prinsippet" §9 i Naturmangfaldlova der det heiter: *"Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak."* For øvrig er området i rapporten framstilt som eit viktig leveområde for rådyr, som vil få sine trekkruiter forstyrta, spesielt under eit eventuelt anleggsarbeid.

Elles blir det vist til at det er observert spelplass for tiur 500 meter frå inngrepet, og spor etter den truga fuglearten kvitryggspett i gamal furuskog like ved røyrgata. Dette er i seg sjølv gode grunnar til å vera kritisk til utbygginga. Litt overraskande er det at konsulentrapporten kategorisk utelukkar sjansen for at det kan vera fossefall ved å slå fast at *"Elvene er for bratte til at de er attraktive for fossefall"*. – trass i at konsulentrapporten vedgår at fugleobservasjonane er mangelfulle. I ei tilsvarende utbyggingssak, nemleg i Tverrelva i Kvinnherad, som har eit fall på 500 meter frå Mannsvatnet ned til Uskedalen, er det påvist fossefall i eit vassdrag med like bratt eller brattare fall som i Miljateigelva og Skåneselva. Naturvernforbundet Hordaland stiller seg difor tvilande til påstanden om at det ikkje fins fossefall. Sidan dette gjeld ein raudlista fugleart, blir dei negative konsekvensane av utbygging langt større enn det som kjem fram i rapporten dersom påstanden skulle visa seg å ikkje vera rett.

Mosar, lav og karplanter. Den truga natyrtypen bekkekløft er påvist i nedre delen av både Skåneselva og Miljateigelva, og i bekkekløfta i Skåneselva er det påvist ein raudlista moseart, *Walendoea warburgii* eller kysttettetmose (VU), som er avhengig av rennande vatn. I følge rapporten frå Ambio er vassføringa i denne bekkekløfta 25% høgare enn minstevassføringa, men rapporten seier likevel at *"Det er trolig at arten kan overleve en utbygging av Skåneselva, men det må understrekes at dette er en meget usikker vurdering. Sannsynligvis vil tiltaket i noen grad redusere forekomsten av arten eller forverre dens vekst- og levevilkår. Virkningsområdet vurderes derfor til å ligge på omtrent middels negativt"* (s. 73). I bekkekløfta i Miljateigelva veks den tidlegare raudlista planten hinnebrege (*Hymenophyllum peltatum*) på bergveggen. Denne planten er avhengig av stadig overdusjing med vatn, og står difor i fare for å forsvinna ved ei utbygging. Denne bekkekløfta ligg i relativt kort avstand frå inntaket, slik at reduksjonen i vassføringa blir vesentleg større enn i bekkekløfta i Skåneselva. Elles peikar Ambio-rapporten på problemet med at deler av bekkekløfta i Miljateigelva er utilgjengeleg, men at *"Grunnet rikt miljø og høy luftfuktighet vurderes bekkekløften å ha et visst potensial for forekomst av rødlistede moser og lav. Med grunnlag i det som er sagt over, vurderes bekkekløften i Miljateigelva å ha middels verdi."* Her kjem også §9 i Naturmangfaldlova inn på nytt med "føre var-prinsippet". Mangelfull kunnskap må ikkje kunna brukast som unnskyldning for å tillata ei utbygging, som kanskje etterpå viser seg ikkje å ha vore utført.

Det er observert forekomstar av det truga treslaget alm (*Ulmus glabra*) langs vassdraga, men det blir ikkje lagt noko vekt på det i rapporten. Dette finn vi kritikkverdig, for ved nedgraving av fleire kilometer med røyrgate gjennom skogbeltet ned mot sjøen, vil også almebestandane som veks langs vassdraget, bli skadelidande.

Naturtypar. Som det går fram av det som er sagt ovanfor, vil begge dei to truga naturtypane (bekkekløft og fossesprøytsone) bli skadelidande ved den planlagde utbygginga, med ein



reduksjon i vassføringa som varierer frå nær tørrlegging (5%) like nedanfor inntaket til 15-25% nede ved sjøen, og med størst reduksjon i Miljateigelva. Bekkekløfta her er svært artsrik (s.92) Med mange kalk- eller næringskrevjande mose- og lavartar, og utbygginga vil i alle høve gå ut over artsmangfaldet og eventuelle raudlista artar som måtte finnast der.

Bildeserien på side 71-73 illustrerer godt levevilkåra for både plante- og dyreartar som er avhengige av rennande vatn, inkludert fossefall, før og etter utbygging.

Landskap og friluftsliv

Den planlagde utbygginga med inntak i opptil 680 meter over havet, vil medføra ein reduksjon i det største resterande inngrepsfrie området (INON) i Etnefjella med 3.7 km² Villmarksprega områder blir redusert med ein tredjedel. Miljateig og Markhus med Åkrafjordtunet er ein viktig innfallsport til Etnefjellet, og Sandvasshytta ligg oppe på fjellet i nedslagsfeltet til Miljateigelva og er ein viktig mellomstasjon på Haugesund Turistforening si rute innover fjellet til Simlebu og Røldal, med 1000 besøkande pr år

Når det gjeld landskapsinngrep, vil vi særleg peika på anleggsvegen som går 750 meter opp langs røyrkata, og som saman med røyrkata er eit særleg skjemmande inngrep i eit elles vakkert fjordlandskap – i tillegg til tørrlegginga av fossane og elvegjela i dei to elvane. Vi minner om at det lokale reiselivsselskapet Åkrafjorden Oppleving har båtruter med turistar på fjorden i sommarhalvåret, og både Langfossen og dei tilgrensande fossane på sørsida av fjorden er viktige turistattraksjonar. I konsesjonssøknaden blir det hevda at *"Vegen opp til inntaket vil også verka positivt for landbruk og skogsdrift i området."* Denne verknaden må i beste fall vera minimal, for slik dei økonomiske vilkåra for skogbruket er i dag, må området over kote 195 klassifiserast som "nullområde", dvs. uproduktiv skog på grunn av det bratte og vanskelege terrenget.

Samla belastning

Utanom Mosneselva og Langfossen er nesten alle dei større og mellomstore vassdraga langs Åkrafjorden enten utbygde, under konsesjonsbehandling eller omsøkte for konsesjon, dette gjeld blant anna følgjande:

- Saltåna (utbygd 2010).
- Rafdal (utbygd 2009)
- Skidalsvatnet (fritak frå konsesjon)
- Eikemo (søkt om konsesjon)
- Tøsse (søkt om konsesjon)
- Vikaelva (konsesjon)
- Viskjer (fritak frå konsesjon)
- Hetleflåt/Markhus (søkt om konsesjon)
- Håfoss og Rullestad/Skromme (søkt om konsesjon)

Det blir stadig fleire kraftverk i Etne spesielt, og Hordaland generelt, som er med og reduserer det biologiske mangfaldet og dei inngrepsfrie områda utan at det blir teke omsyn til den samla effekten, og dette er i konflikt med nasjonale og regionale miljømålsettingar, til dømes i Stortingsmelding nr. 26 (2006-2007) og gjeldande Fylkesplan for Hordaland 2005-2008. Sjølv om Langfossen er verna og Mosneselva er teke inn i Folgefonna nasjonalpark, blir den samla belastninga på Åkrafjordområdet uakseptabelt stor, og dei mindre vassdraga har ofte kvalitetar som ei ikkje finn hos dei større verna vassdraga, både biologisk og landskapsmessig, dette gjeld i særleg grad Miljateigelva og Skålneselva.



Konklusjon

På grunn av det manglande kunnskapsgrunnlaget og det faktum at den omsøkte utbygginga vil påverka eit rikt biologisk mangfald i influensområdet, med blant anna ein raudlista fugleart (kvitryggspett) og kanskje også raudlista fossefall, i tillegg til ein raudlista moseart (kysttettmose), trengs det eit grundigare feltarbeid i området, på eit meir passende tidspunkt. Det kunnskapsgrunnlaget vi har i dag, står ikkje i eit rimeleg forhold til den risikoen for skade på naturmangfaldet som utbygginga representerer, og oppfyller dermed ikkje §8 og §9 i Naturmangfaldlova om føre var prinsippet og kravet om kunnskapsbasert forvaltning. Av denne grunn og fordi dei to vassdraga er viktige for friluftslivet og representerer landskapsmessige kvaliteter som ikkje fins hos dei større verna vassdraga i Åkrafjorden, går Naturvernforbundet Hordaland mot utbygginga av Miljateig- og Skålnesvassdraga.

Signe Sandberg
Leiar

Oddvar Skre
Saksbehandlar